

Eikefet 14.12.2020

Alver kommune

Postboks 4,
5906 Frekhaug

Søknad om dispensasjon frå dele- og byggegrensa langs vassdrag ved frådelling Gnr 220 Bnr 2, parsell 3 – saksnr 20/15163-20/77041 Store Urdal

DC Eikefet Aggregates As søkte 01.09.20 om frådelling av parsell 3 frå Gnr 220 Bnr 2 i Alver. Parsellen skal delast frå som tilleggsareal til Gnr 220 Bnr 13, heimelshavar DC Eikefet Aggregates As. Arealet ligg i regulert område for steinbrot og deponi og er avsett til lager og kai. Vi stadfester at det er areal avmerka i situasjonsplan datert 22.06.2020 og godkjend reguleringsplan som skal frådelast. Urdalselva renn vest for parsellen.

I føresegn 2.6.1 i kommunedelplan for Lindås 2019-2031 går det fram at dele- og byggegrensa mot vassdrag/elv/bekk med årssikker vassføring er 20 meter der nedslagsfeltet er mindre enn 20 km². Vi søker om dispensasjon frå byggegrensa i denne frådelingsaka.

Ei deling av teigen vil ikkje få uheldige verknader i forhold til byggegrensa. DC Eikefet Aggregates As har ikkje planar om å føra opp bygg på parsellen. Den er tenkt nytta til kai og mellombels utelager for lasting og lossing av steinmassar.

Når det gjeld flaum- og erosjonsfare, viser vi til Flomsonekartlegging for Eikefet og Urdal, rapport fra Multiconsult 03.05.18. Det er utarbeidd flaumsonekart for 20 og 200 års-intervall, samt 200 år inkludert klimapåslag. Simuleringa viser at det vil vere små flaumutsette areal utanom det originale elveleiet. Ingen hus er utsett, og det er lavt potensial for føljeskader grunna erosjon.

Med venleg helsing



Jan-Oyvind Jørgensen
Daglig leder DC Eikefet Aggregates As
Tlf: 911 13 101
E-post: jan-oyvind.jorgensen@dcresources.no

www.dcresources-norway.eu

